SELJESETE

Høgdemeter over havet: Ca 340 moh

Lengde: 1,4 km

Tid; Opp mot 40 minutt ein veg

Gradering: Dette er ein middels tung tur

Vegskildring: Turen startar på Hamre, ca. 7 km frå Granvin sentrum. Du køyrer forbi Granvin Bruk og ca.7 km utover ein grusveg. Når du kjem ut til Hamre, passerer du først to hytter på oppsida av vegen, så eit gardstun og vidare eit kvitt hus på oppsida. Du parkerer så i svingen litt lenger framme der vegen deler seg.

Turen startar ved Hamreelva, på ein skogsveg ca. 50 m frå parkeringa (før brua). Parkering 30 kr. Det er skilta mot Oksen i starten av skogsvegen. Det er merka med raudt heile vegen opp til Seljesete. Det er skilta med lokale stadnamn heile vegen opp.

Du føl skogsvegen til du har passert grinda på toppen, og tek så av opp til høgre ca. 15 m etter grinda. Du kjem då til skiltet *Aoveitane.* Stien går då mot venstre og skrått oppover ein bakke. I enden av denne bakken føl du stien rett oppover og passerer skilta *Rinden* og deretter *Lessingaplassen*. Herifrå er det grei sti til du kjem til *Nestekleiv*. Dette er eit litt ope område, der det går stiar i fleire retningar. Du skal fylgja stien som går rett oppover. Vidare er det tydeleg sti som kryssar fram og tilbake, og du passerer skilta *Kvile, Bråttekleiv, Lialøo* og kjem til slutt til Seljesete. Kassen heng på det eine stølshuset.

GOD TUR!